

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Oddvin Neset	FE - 033, TI - &17	17/271

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
055/2017	Formannskapet	PS	17.10.2017

Orienteringssaker

Forslag til vedtak:

Sakene vert tekne til orientering

Saksopplysningar:

Formannskapet - 055/2017

FOR - behandling:

Kristin Nåmdal stilte spørsmål om kommunen har gjort noko i høve DAB radio dekninga på Nygård. Ordføraren informerte om at han har sendt spørsmål til NRK om saka, men ikkje fått svar enda. Ordføraren informerte vidare om at han skal etterlyse svar frå NRK.

Økonomisjef orienterte om rammer og føresetnader frå statsbudsjettet for budsjettet for 2018 og økonomiplan for 2018 - 2021. Dei frie inntektene for 2018 vil utgjere ca 45,3 mill, noko som er ein auke frå 2017 på 2,3%. Gjennomsnittleg løns- og prisvekst for 2018 er berekna til 2,6 %.

Eigedomsskatten vil bli redusert frå 19,4 mill i 2017 til ca 15,8 mill i 2018, noko som gjev ein reduksjon på ca 3,6 mill. Den totale økonomiske ramma kommunen har til disposisjon for 2018 vil såleis vere redusert med ca 3,6 mill i forhold til 2017. Budsjettframlegga frå tenesteleiarane viser ein auke på ca 5 mill i forhold til budsjettet for 2017. Det er såleis eit gap på ca 8,6 mill som må salderast for å kome i hamn med neste års budsjett. Administrasjonen tek dette arbeidet vidare i samarbeid med leiargruppa.

Økonomisjef orientere og om status for kommunen sine fondsmidlar. Pr 31/12 2016 hadde kommunen 15, 2 mill på disposisjonsfond. Av desse er 8,7 mill på Næringsfondet.

FOR - vedtak:

Sakene vert tekne til orientering